


Kåre Vaule

Røysland skule

Røysland skule



Røysland skulekrets gjaldt fra garden Osland i vest til garden Vaule i aust.

Den 12. mai 1897 vart det av herredstyret bevilga det «fornødne» til oppførsel av skulehus med lærarbolig på garden Nordre Røysland, for Røysland kretsen. Huset blei bygd i 1899. Eigar av garden var Kornelius Røysland. Tomta vart sett til disposisjon for Kommunen til å byggja skulehus på. Denne tomte vart ikkje fråskjøta garden.



Røysland skule står like inntil den gamle hovedvegen forbi Røysland Gard. På vestsida var skuleplassen med uthuset heilt i vest. I den austre enden var lærerboligen. Her var det ei stove mot søraust og et soverom ved sida. Skulestova var i vestre enden. På sørsida var inngangen.

Foto: Paul Tengesdal 2013



Det var gardane Vaule, Bue, Røysland, Moi og Osland som tilhørte denne krinsen. Lengst vekke var Vaule og Osland som fekk ein avstand kvar på omlag 4 km til skulen.

På denne tida var det på Vaule 2 bruk og ein bygslingsplass (Auseholane), Bue 3 bruk, Røysland 1 bruk, Moi 3 bruk og på Osland 2 bruk og ein bygslingsplass. Det vart då i alt 13 huskaldningar, som kunne ha born i skulealder. Som me veit var det ofte svært barnerike familiar på den tida. Mange var det som fekk sine skuleår på Røysland, frå 1899 til skulen blei nedlagt i 1962.



V. b. Berta Sandane, Ingrid Osland, Gunnvor Vaule, Juditha Moi, Valjerd Moi, Kristian Osland, Hallvard Osland, Elling Røysland, Søren Bue
V. f. Alfhild Vaule, Inger Bue, Jenny Røysland, Søren Moi, Klaus Røysland, Ragnvald Moi.

Elever fra omlag 1927. Foto er kopiert speilvendt.

Hausten 1944 var det derimot bare tri skulepliktige barn i krinsen. Det var Rolf Osland (f.1933), han sykla 7 km til Vikeså resten av skuletida. Ingebjørg Moi (f.1931) budde på Bjerkreim hjå moster si, og gjekk på skulen her. Og så var det Olga Moi (f.1930) som budde på Solbjør og gjekk på skulen på Bjerkreim det siste året. Skulehuset på Røysland vart på denne tida brukt av tyske soldater. Skulen starta opp at hausten 1947. Det var då 4 skulepliktige barn i krinsen. Lærer var Astrid Vassbø. Elevane var Jan Osland, Arvi Moi, Valbjørg Moi og Sigfrid Vaule. Sigfrid hadde sitt første skuleår fra hausten 1946 på Kyllingstad skule. Ho fylgde Bjerkreimsbussen fram og tilbake frå skulen.

Talet på barn i skulealder auka på fram etter 1950 åra. Elevane gjekk på skulen annan kvar dag, småskulen den eine dagen, og storskulen neste dag. Det var skule 6 dager i veka, med eit elevtal på omlag 10-12 stk kvar dag. Skulevegen var lang for dei minste elevane som budde lengst frå skulen. Om dei då laut starta aleine heimanfrå vinterstid, vart dette slett ikkje greit. Gunvor Kydland (f. Vaule) gjekk aleine fra Vaule første skuleåret. Var det ruskevær følgde faren henne på vegen. Skulevegen hennar var først eit par kilometer på sti over utmarka fram til Buevegen. Her kunne ho treffa skulebarna frå Bue, og så to nye kilometer på kjøreveg fram til skulen.



V. b. Klaus Røysland, Kristian Osland, Ragnvald Moi, Søren Bue, Elling Røysland, Hallvard Osland.
 V. s. Valjerd Moi, Sønnvor Vaule, Jædilla Moi.

Skuleelever fra omlag 1926.



Frå skulestova på Røysland 1927/1928.

Fra v.: Anna Moi, Ludvig Vaule, Retsius Osland, Lloyd Vaule, Olav Moi og Sigurd Vaule.

Min skulegang og lærarane på den tida

Eg tok til på skulen hausten 1953. På skulevegen hadde eg lag med naboguten Jan Vaule som og var førsteklasing. Skulevegen var lang, ofte var det kaldt og mørkt vinterstid. Trass i dette trur eg me kom fram til skulen til rett tid. Verre var det nok på heimturen, då kunne me vasa oss vekk. Det hende at me følgde Bue-ungane heim. Då gjekk heimturen om Runaskaret, og det gjorde vegen endå lenger. Læraren dette året var Øystein Pettersen. Han var utdanna lærar, og kom frå Stavanger-kanten. Pettersen og kona budde på skulen.

Andre skuleåret var det Bård Vassbø frå Vikeså som var lærar. Bård hadde bil og budde heime på Vikeså. Eg hugsar han las til oss frå ei barnebok som heitte «Bamse Bums». Dette tykte me var svært gildt. Bård fekk øydelagt eine kneet sitt i ein bilkollisjon, trulig mellom jul og nyttår. Då hadde me Astrid Vassbø ei tid som vikar.

Tredje året fekk me lærerinne; Sigbjørg Håland frå Varhaug. Ho var student, eg hugsar henne som ein god lærar. Dette året var me 5 elevar frå Vaule, som alle gjekk i småskulen. Eg hugsar at me om våren fekk besøk av lærar og elevar i småskulen på Lerbrekk skule i Varhaug. Saman med dess gjekk me tur til Lunnane. Det var gildt.



1. rekke f.v.: Turid Osland, Ruth Osland, Turid Apeland, Ingveig Vaule.
2. rekke f.v.: Ola Osland, Svein Vaule, Jan Vaule, Paul Vaule, Kåre Vaule, Lars Gystøl, Oddvar Moi og lærarinna Sigbjørg Håland. Foto 1955.

I friminutta slo me ball eller «jeppte» pinne. Eg kan aldri minnst at me nokon gong sparka fotball. Når snøen vart vekke om våren laga jentene seg «hink». Det var liksom jentelek, og me guttar måtte finna på noko anna, det kunne vera å «hiva takhys».

Fjerde og femte skuleåret var det Jan Karsten Hebnes som var lærar. Han var student, var gift og budde på skulen. Dei hadde ei lita jente. Frå nå av fekk me lov å sykla til skulen, men då vart

vegen endå lenger, me måtte sykla om Runaskaret og Bue. Men om vinteren gjekk me raskaste vegen til fots gjennom utmarka som før, eller og på ski. På denne tida kom det og elektrisk straum til skulen. Før var det parafinlampe som lyste opp i skulestova, og det var ein vedovn som einaste oppvarming på skulen.

Lærer Hebnes var god til å læra frå seg, særlig fekk me utbytte av historie og geografi. Verre var det at me måtte pugga salmevers. Dette irriterte meg grenselaust. Eg skreiv i marginen på ei salmebok; «*Nå er det nok salmevers*». Då måtte eg som straff sitja inne i eit friminutt. Slikt ville Hebnes ikkje ha noko av.

Me guttar likte ikkje å syngja. Til sist vart me heilt tause. Då måtte me guttar ein dag «sitja att» på skulen. «*Ingen heim før de syng!*», truga han. Truslane hjelpte lite, etter ein halv time fekk me lov å fara heim. Denne episoden hjelpte lite på lysten til å syngja.

I sjette klasse fekk me ny lærar, Arne Vevatne, truleg frå Etne. Han budde på skulen og hadde moped. Vevatne var ungkar og utdanna lærar, truleg i 40-års alderen. Han var ein svært rolig og snill person. Diverre var han nok litt lite autoritær. Han var svært interessert i insekter, særlig slike som lever i vatn. Me hadde mange utflukter til «torvgrovene» borte i Lunnane, og kikka på insekt-livet i desse. Eg hugsar at ein elev provoserte han med å dukka ei fluge ned i blekkhuset. Men då var han ikkje blid.

Om våren tok me på sykkeltur til Undheim, vidare om Sæland til Ålgård og så heim att. Vevatn kjørte moped. Bakpå hadde han ei av jentene som ikkje hadde lyst eller fekk lov heimafrå å sykla. Turen var vellukka og vart eit gildt minne.

Sjuande skuleåret 1958-59 var det ny lærar att. Denne gongen ei ung jente, Anne Reidun Salte frå Stavanger. Ho var student som hadde teke utfordringa å bu aleine på eit skulehus utan innlagt vatn ute på landsbygda. Eg meiner at ho klarte oppgaven godt. Ho hadde respekt blandt elevane, utan å væra streng eller autoritær. Om vinteren var ho uheldig og skada seg i eine ankelen på ein skitur. Me fekk då Oddmund Asbjørnsen frå Vikeså til vikar eit par veker.

Foreldra til Anne Reidun hadde hytte på Sletten. Hit reiste me om våren på skuletur. Kor dette egentlig var kan eg ikkje minnst. Me reiste med buss til Stavanger, og så med båt til Sletten. Båten heitte og Sletten. Eg trur at me overnatta, og turen var vellukka.

Om vinteren var me på skitur saman med skulen på Birkeland. Me reiste med buss til Mydland, og det var Trygve Fuglestad som var med som ansvarlig lærar. Trygve hadde og sløyd på Røysland om våren. Han hadde med seg tri gitar frå Birkelan krinsen. Sløyd for gutane og handarbeid for jentene hadde me alle åra i storskulen. Eg trur at dette var godt og vel ei veke. Det føregjekk etter at den «vanlige» skulegangen var ferdig.

Skuleåret 1960-61 vart det siste året det var skule på Røysland. Det var ei ung jente, student frå Stavanger som var lærar. Ho heitte Reidun Isaksen og budde på skulehuset. Dette året gjekk eg på framhaldskulen på «Hompen» på Vikeså. Lærer her var Gudrun Olden Nedrebø. Det var to klassar framhaldskule dette året. Den andre klassen heldt til på det gamle bedhuset på Vikeså. Lærer her var Kåre Sømme. Me var 5 elevar frå Røysland krinsen som gjekk på «Hompen» denne vinteren. Me fekk skyss med bil, og det var Sven Vikeså som var sjåfør.

Etter at det var slutt med skulen på Røysland overtok krinsen huset. Det vart brukt til valglokale, og ei tid som bustad for sivilarbeidarar som planta skog av kommunen. Røysland Kvinneforening hadde årlig basar på huset fram til ei gong på 70-tallet. Årlig juletreffest var der og, det heldt på ut århundert. Me hadde og samling her på jonsokafta nokre år. Huset og uthuset vart haldt vedlike på dugnad av krinsen. Nå er huset gått tilbake til grunneigaren på Røysland.

*

La oss så sjå kva Magnar Undheim skriv om Røysland Skule i boka «Osland». Mor hans var frå Osland. Magnar samla søskene Rasmus, Kari (mor) og Ingrid i 1997 og hadde ein samtale med dei om deira liv frå så langt tilbake som dei hugsar. Dette er gjengitt med hans tillatelse.

Frå boka «Osland» av Magnar Undheim

Det vanlige var at dei gjekk til skulen på tresko, men om vinteren brukte dei lersko. Tresko (tregongar) vart laga heime, mens lerskoa var dyre og ikkje noko ein skulle ha i utreningsmål. Derfor var det viktig at nye sko skulle vera til å veksa i. Dei skulle naturlegvis vara i mange år. Ingrid minnes med skrekk ein gong ho var med til H. C. på Undheim og fekk nye sko, skonummer 41. I vaksen alder bruka ho 39.

Normalt var det ikkje noko problem å gå til Røysland skule sjølv om det kunne vera både mørkt og utriveleg tidlige morgonar for ein liten unge. Oftast kunne dei gå i lag med nokon. Ein kald, hustrig og mørk vintermorgon var Retsius på veg åleine til skulen. Han var yngst på Osland, 8 år og verkeleg åleine.

Etter kort tid oppdaga han eit merkeleg vesen bortpå Odden. Det gjekk kaldt gjennom han, det var umogeleg å gje seg i kast med spøkeri, han snudde og sprang for livet heim att. Pesande styrta han inn. Far hans såg kor gale dette var og var kvikk å sela hesten og kjøra karen til skulen.

Seinare fekk dei vita at spøkeriet ikkje var så farlig som det såg ut i mørket. Det var Gonilda som var på veg til Moi for å baka, ho hadde ein del kjærle som stakk ut og sikkert gjorde omrisset av henne til eit skræmeleg syn i halvmørket.

Det er to lærarar som vert hugsa, dyktige og strenge slik lærarar skulle vera på den tida. Det er Klaus (K.G.M.) Bjerkreim og Berta Sandane.

Klaus sat opphøgd bak kateteret og forlangte absolutt ro. Han truga med at han skulle måla vindusrutene dersom nokon kikka ut. Rutene vart måla. Men Klaus hadde andre evner også som han mellom anna brukte i ein reknetime der elevane sat og rekna for seg sjølv. Klaus sat på kateterat med blyanten mens blikket ganske ofte gjekk ned i klasserommet. Plutselig viste han fram ein teikning og spurte om nokon kjende han som var på teikninga. Alle såg det var Rasmus som var gjengitt pertentleg ned til den minste detaljen. Mønsteret i genseren var så nøyaktig at det kunne vore brukt som oppskrift.

Kari starta skule med å bruka tavle og griffel som ho bar med seg til og frå skulen. Til å stryka ut brukte ho ein brun klut. Utstyret måtte dei kjøpa sjølv. Dette gjaldt seinare forbruksmateriell som kladdebøker, blyant og visk. Skulevasken hadde to og to ansvar for ein gong i veka.

Mange praktiske ting vart det gitt klar besked om på skulen. Til dømes tok nokre jenter av seg dei tjukke, lange ullsokkane en varm og fin dag. Læraren gav beskjed til Ingrid og dei andre som hadde våre så dristige: «*Heime kan de gå berrfotte, men ikkje på skulen*».

Dei fekk og beskjed om at dei kunne gå med bytte (stoppa) kler på skulen, men berre om det var fint gjort. Ei bot skulle vera fint påsett. Det var det ikkje alle som hadde, nei tvertimot. Ingrid ba mor si om ikkje ho også kunne få slike sokker med ulik farge der det var ei bot. Då fekk ho kontant svar; «*NEI!*» utan meir forklaring.

Mor hennar var pertentlig i alt syarbeid. Dette hadde ho vist ved å sy ein fin dress som minna sterkt om ein matrosdress, til Retsius då han var liten. Alle ting har sin ende, også denne dressen. Det vil seia dressen var god nok, men guten vaks frå han. Nøysemt har alltid vore ein dyd. Dressen var fin, guten yngst og dermed ingen som kunne arva han. Mora tok fram alle sine kreative evner og sette igang å sy. Ho skjøtte på buksa og trøya slik at dei vart lange nok. Men problemet var ikkje løyst, for guten var for dryg om livet. Derfor sette ho på to tampar slik at han kunne kneppa igjen. Mora tenkte rett nok at det var mest forgale at han skulle gå slik på skulen.

Ei stund etter at Rasmus hadde begynt på skulen, kom lærarinna, Berte Sandane, ut til Osland. Underleg nok kommenterte ho nettopp kleda til Rasmus, dei var så eineståande fine. Mora smilte og fortalde korleis det hang saman, og då lo Berta godt.

Den same Berta Sandane kunne og visa andre sider ved seg sjølv. Ho rista Marta Røysland så knappane i kjolen spratt fordi ho ikkje kunne leksa. Ho var sterk og tok kraftig i. Ein annan gong

kom ho inn i klasserommet og sa: «*Nå skal me ha bibellesning*». Då datt det ut av Anbjørn Osland: «*Å fi!*». Ho vart blodraud i ansiktet og heilt skrukket av grimaser. Så var det Anbjørn sin tur til å bli rista. Det skulle ikkje meir til.

På skulen leika dei mykje i friminutta. Men det var skil på gutar og jenter. Jentene hadde ikkje ski og skeiser, men det hadde gutane. Ein dag bestemte Alma og Ingrid seg for at dei ville prøva skeiser. Dette gjekk så godt at dagen etter skeisa dei til skulen. Men gutane gav lyd frå seg, med spitorð skulle desse jentene setjas på plass. Likevel, gutane vande seg til at dei gjekk på skeiser, og nokre dagar seinare hadde dei ein leik der Alma og Ingrid skulle ta dei andre. Klaus Røysland utbasunerte: «*Må tru de skal få tak i oss*», men Klaus vart teken på ein blunk. Då småhumra og koste læraren seg som hadde stande og sett det som skjedde. Så lo han.

Etter dette vart det vanlig at også jentene gjekk på skeiser. Og i friminutta var dei på skeiser, sjølv om det var så kalt at skulevindaugo var frosne heilt til topps.

Aaland Gård, mars 2013
Paul Tengedal



Småskulen på Røysland 1959-60

Frå venstre: Erling Osland, Jonas Bue, Randi Vaule, Gudveig Osland, Liv-Gerd Vaule, Marit Osland, Laila Vaule, Gunlaug Osland, Janne Bue, Irene Osland, Tor Inge Gystøl, Bjørn Vaule, Terje Abeland, og lærarinna Anne-Reidun Salte står bak.



Storskulen på Røysland 1959 – 60

Frå venstre: Turid Osland, Ruth Osland, Svein Vaule, Ola Andreas Osland, Arne Geir Abeland, Lars Gystøl, Oddvar Moi, Jan Vaule, Paul Vaule, Kåre Vaule, Lærarinna Anne-Reidun Salte, Ommond Osland, Guri Abeland og Ingveig Vaule.